

## Referat frå møte i styrarnettverk 15.02.2023

**Tid:** kl 9.00-14.45

**Stad:** HVL, Sogndal

**Deltakarar i møte:** 22 påmeldt, 15 møtte:

Marianne Christensen, Merete Kvist Rydvang, Sylvi Aarland, Ingebjørg Breisnes, Gunnhild Holen, Karoline Valsvik, Hilde-Anett Tenold, Anne Margrete Hatlelid, Benedikte Brenden, Elisabeth Alme, Lena Stai Bolstad, Linda Midtun, Merete Lefdal, Mette Johannessen og Ingrid Steine Bortne

### Saker:

#### **1. Velkommen og info om dagen v/ leiar Anne Margrete**

Sjå presentasjon ved leiar Anne Margrete vedlagt.

#### **2. Gruppearbeid kring temaet «korleis heve status for pedagogar i barnehagen»**

3 grupper diskuterte 4 oppgåver og samanfatta sine innspel. Sjå oppsummering av gruppearbeid i eige vedlegg.

1. Kva trur du vil kunne bidra til å auke statusen til pedagogar i din barnehage?
2. Kva tiltak meiner du me kan sette inn i regionen for å auke statusen til pedagogar i barnehagen?
3. Kva tiltak meiner du kan vere viktig for å få fleire til å søke seg inn på barnehagelærarutdanninga?
4. I barnehagen jobbar både fagarbeidar og assistentar. Korleis kan desse arbeidstakarane og oppleve auka status?

Kan det vere ein ide å ha planleggingsdagen i november fysisk att? Får og moglegheit til å treffe andre pedagogar (t.d halve dagen). Bør vurdere det!

#### **3. Rettleiing av nyutdanna og rettleiingsstudie**

##### Gunnhild:

Litt om bakgrunnen for at ho spelte inn ideen om å ta rettleiingsstudie i regionen. Kan dette vere aktuelt for oss i Sogn?

### Ingrid:

- informasjon frå HVL om studiemoglegheiter, studiepoeng og søknadsfristar. Må vere minimum 20 studentar for å legge rettleiingsstudie til Sogndal frå hausten 2023 (15 studiepoeng som kan byggast vidare på etterpå med nye 15 stp). Kompetanseregion Sogn (kommunalsjefane) har bestemt at kvar tilsett som tek rettleiingsstudie får eit eingongsstipend på kr 5000,- frå regionale midlar. Søknadsfrist 15.april

### **Informasjon frå HVL v/Erik Bulie om rettleiingsstudie:**

*Se aktuelle utdanningslenker nedenfor:*

- <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/etter-og-videreutdanning/studietilbud/#q=bh&c=H%C3%B8gskulen%20p%C3%A5%20Vestlandet> Her er flere aktuelle tilbud. De to nederste på lista er veilederutdanninger. (Merk: Søknadsfrist 1.mars kvart år, UDIR-modell som betyr best vilkår med ca 70 000 kr i støtte pr student som m.a kan nyttast til frikjøp på studiedagar, men utdanninga er lagt til Bergen/noko digitalt).
- <https://www.hvl.no/studier/studieprogram/emne/41/flki8101> Merk at denne lenken er fjorårets. Ny nettside kommer snart. Søknadsfrist 15 april. (Merk: NB! Det er denne som er aktuell å legge til Sogndal om HVL får minimum 20 påmeldte. Dei påmeldte kan kome frå andre regionar/kommunar, då det er ope for alle å søke her. Me kan ikkje reservere studiet berre til oss i Sogn).

*Ellers: Fosshagen utdanningsbarnehage har i tillegg fått et tilrettelagt 3-dagers kurs i kommunikasjon og veiledning for fagarbeidere og assistenter. Spør gjerne Mari Engesæter eller styrer om hvordan dette har truffet målgruppa. Etter nærmere avtale kan vi sette det opp som tilbud flere steder, men i tilfellet mot betaling. La oss ev. ta dette som egen sak lenger utpå våren. Kurset er ikke eksamensgivende, men deltagerne kan få et kursbevis.*

-plan for rettleiing i Sogndal kommune er under utarbeiding, kanskje i andre kommunar også? Viktig at me påverkar dette arbeidet i kommunane

-rettleiing er viktig for å rekruttere, men også for å behalde dei nyutdanna

-bør me opprette eit nettverk for nyutdanna i regionen (døme frå Fitjar). Dette bør absolutt vurderast

### Astrid Bakken, HVL:

-Tips: skrive barnehageartiklar i avisa på omgang er ein god ide. Vere synlege. Astrid viste til døme frå Firda tidend og håpar det kan inspirere fleire til å gjere liknande i vår lokalavis.

*Leik og vennskap i barnehagen*

<https://www.firdatidend.no/meiningar/leik-og-vennskap-i-barnehagen/>

*Livsmeistring i små og store overgangar*

<https://www.firdatidend.no/meiningar/livsmeistring-i-sma-og-store-overgangar/>

*Leik – den forsvunne diamant?*

<https://www.firdatidend.no/meiningar/leik-den-forsvunne-diamant/>

*Den usynlege brua*

<https://www.firdatidend.no/nyhende/den-usynlege-brua/>

*Spørsmål eller beskjed*

<https://www.firdatidend.no/meiningar/sporsmal-eller-beskjed/>

-Styrrarrolla er kjempeviktig. Det er mykje styrrar kan gjere i høve kompetanse osv. Ikkje vent på kommunestyret. Stol på dykk sjølv. Kva er viktig å løfte fram no?

-Nettverk for nyutdanna er viktig. Kan me opprette det her i vår region?

-Sjå tre vedlegg (NOU, Fabrikerte røyndomsbilete og rettleiingshefte)

#### **4. Innkomne saker**

- Er det interessant å opprette ei teamsgruppe for styrrarnettverket for å kunne dele tips og stille spørsmål i gruppa? Ja 😊 Me opprettar eit team.
- Vikarsituasjonen i Sogn – er det mogleg å tenke noko felles? Vart kort diskutert. Vanskeleg å dele på personar over fleire kommunar/barnehagar. Det beste er å tilsetje vikaren (engasjement/vikariat) i ein gitt prosent i barnehagen om ein har ressursar til det, ein treng dei uansett før eller sidan..

#### **5. NAV arbeidslivssenter og oppfølgingsteam for sjukmeldte V/ Heidi Myrvold**

Me tok opp att tråden frå gruppearbeidet i førre styrrarnettverksmøte. Heidi informerte om gode ordningar og verktøy og det vart drøfta i grupper. Sjå presentasjon frå Heidi som vedlegg.

Bransjeprogram barnehage tilbakemeldingskultur?

<https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/inkluderende-arbeidsliv-ia/ia-bransjeprogram/bransjeprogram-barnehage/>

Bruk ein «ekstern ekspert» frå NAV i vanskelege saker – søk her:

<https://arbeidsgiver.nav.no/veiviserarbeidsgiver/tiltak/ekspertbistand>

Arbeidsgjevarlos: <https://www.nav.no/arbeidsgiver/arbeidsgiverlos> Solveig i Vestland

[IA-barnehage - regional konferanse Bergen \(qondor.com\)](#) 13.april 2023 i Bergen

«En bra dag på jobb» er eit verktøy for utvikling av arbeidsmiljø. Studentbarnehagen har nytta dette i haust/vinter <https://enbradagpajobb.no/>

«Kvinneliv i arbeidslivet» jordmor frå NAV-Førde kan delta på samlingar med oss viss ynskjeleg.

## **6.Oppsummering og evaluering med QR-kode**

Ingrid orienterte om tankar kring leiarsamling i september (truleg 19.-20.09.23, hald av datoen).  
Hausten 2024 ynskjer me å legge leiarsamlinga til utlandet. Meir info kjem seinare.